

**Reguleringsplan for gnr 50 bnr 42 – Midsund vassverk****Reguleringsføresegner**Plan dato:
27.08.2018Dato sist rev.:
11.10.2019
29.03.2021Dato vedtak:
17.06.2021,
k-sak 57/21.

§ 1	FORMÅL Formålet med reguleringsplanen og dei tilhøyrande føresegnene er:
1.1	Regulere område til nytt Midsund vassverk.
§ 2	GENERELT
2.1	Grensene for reguleringsplanen er vist på plankartet. Planområdet er delt inn i reguleringsområde etter PBL §§ 12-5 og 12-6 med følgjande formål:
	Bygningar og anlegg - Vassforsyningsanlegg (1540)
	Samferdsel og teknisk infrastruktur - Køyreveg (2011) - Anna veggrunn – tekniske anlegg (2018)
	LNFR-områder - Friluftsmål (5130)
2.2	Alle område innafor plangrensa er offentlege (merka med o_ i plankartet).
§ 3	FELLES FØRESEGNER/ REKKEFØLGJEKRAV
3.1	Plankrav Det skal utarbeidast teknisk plan for opparbeiding av vassbehandlingsanlegget med plassering av bygningar rassikring, tilkomst og tilhøyrande parkering som skal vere godkjend av kommunen og følge søknad om igangsettingsløyve. Før utbygging av nytt vassbehandlingsanlegg kan tillatast, må ny avkøyrsløse frå fylkesveg 668 opparbeidast etter krava i handbok N100. Eksisterande avkøyrsløse må stengast når den nye er opparbeidd. Plan for handtering av overvatn skal utarbeidast, og godkjennast av vegmyndigheita før utbygging kan starte.

	Planen skal også vise eventuelle støttemurar, gjerde, vegetasjon, terrenghandsaming med høgdesetting og andre arealavgrensande tiltak. Teknisk plan skal og vise eventuell moglegheit for sambruk av internveggar, stiar mv.
3.2	Automatisk freda kulturminne Dersom gjenstandar, konstruksjonar eller andre funn vert oppdaga i samband med gravearbeid, skal arbeidet stoppast omgåande og kulturminnemyndigheit varslast, jfr. Lov om kulturminner §8, 2.ledd
3.4	Rassikring Det skal etablerast rasvoll som vist i på plankartet og i illustrasjonsplan før bygging av vassbehandlingsanlegget tek til.
3.5	Anleggsfasen Plan for å verne omgjevnadane mot støy og andre ulemper i anleggsfasen skal følge søknad om igangsetting. Planen skal gjere greie for trafikkavvikling, massetransport, driftstider, trafikktryggleik for gåande og syklende, reinhald, støvdemping og støytilhøve. Nødvendige vernetiltak skal vere etablert før bygge- og anleggsarbeid kan settast i gang.
3.6	Estetikk Det skal i byggesak stillast krav til estetisk kvalitet, god materialbruk og detaljering. Det kan bli krevd 3D-modell og/ eller andre illustrasjonar som viser utforming og tilpassing av bygningane til terreng og omkringliggjande område.
§ 4	BYGNINGAR OG ANLEGG (Pbi § 12-5.1)
4.1	Vassbehandlingsanlegg o_ BVF (1540) Innafor byggegrensene kan det oppførast vassbehandlingsanlegg og tilhøyrande anlegg. Innafor reguleringsformålet skal det også opparbeidast tilkomstveg og parkeringsplassar som skal nyttast i samband med drift av anlegget. Maks BYA = 600m ² . Maks mønehøgde er kote +52. Det kan også opparbeidast tursti fram til starten av Midsundtrappene.
§ 5	SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (Pbi § 12-5.2)
5.1	Køyreveg (2011) Området er avsett til opparbeiding av tilkomst til vassbehandlingsanlegget.
5.2	Anna veggrunn – tekniske anlegg (2018) Areal for etablering av vegfylling/veggroft. Innafor formålsområdet er vanleg vegvedlikehald tillatt. Stadeigne toppjordmassar skal nyttast ved revegetering.
§6	LNFR-OMRÅDE (Pbi §12-5 nr 5)
6.1	Friluftsmål LF (5130) Området kan nyttast til alminneleg friluftsliv med turveger og –stiar som legg til rette for offentleg gangferdsel til Misundfjella friluftslivsområde. Innafor området skal det også byggast rassikringstiltak i form av voll. I området langs elva som er regulert til friluftsmål skal eksisterande naturleg vegetasjon bevarast. Tynning og skjøtsel kan gjennomførers der det er nødvendig.

§ 7	OMSYNSSONER (Pbl § 12-6)
7.1	<p>a.1) Sikringssoner <i>Frisikt (140)</i> Innafor område markert som omsynssone skal frisikt haldast vedlike. Sikthindrande vegetasjon, gjerde, murar eller liknande skal ikkje ha høgde meir enn 50 cm over vegplanet.</p>
7.2	<p>a.3) Faresoner</p> <p><i>Ras- og skredfare (H310)</i> Skredfaren innanfor omsynssona har større årleg sannsyn enn 1/1000. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak i tryggleikklasse S2 og S3 (jf. Byggeteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.</p> <p><i>Høgspenningsanlegg (370)</i> Tiltak må ikkje hindre eventuelle eksisterende og planlagte høyspent overføringsanlegg. Rassikringstiltak og turstiar kan etablerast innafor faresona. Vassbehandlingsanlegg, kan etablerast innanfor omsynssona, innafor byggegrenser på plankartet. På austsida av bygget kan det etablerast ein veg som gir tilkomst til øvre delar av bygget.</p>
§8	<i>Bevaring av automatisk freda kulturminne</i>
8.1	I planområdet ligg automatisk freda kulturminne med sikringsone. Bevaringsområdet er merka H730. Sikringssona er merka H570.
8.1.1	Omfattar dei automatisk freda kulturminna som er merka H730. Det må ikkje setjast i gang tiltak som kan skade, ødelegge, grave ut, flytte, endre, tildekke, skjule eller på annan måte skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje. Eventuelle dispensasjonar frå føresegnene må godkjennast av rette antikvariske mynde som er Riksantikvaren.
8.1.2	Omfattar dei automatisk freda kulturminna si buffersone som er merka H570. Det må ikkje setjast i gang tiltak som kan skade, ødelegge, grave ut, flytte, endre, tildekke, skjule eller på annan måte skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje. Eventuelle dispensasjonar frå føresegnene må godkjennast av rette antikvariske mynde som er Fylkeskonservator.
§9	OMRÅDEFØRESEGNAR
9.1	<p><i>Område for føresegner rpBO – automatisk freda kulturminne</i> Før bygging av vassverket med tilhøyrande anlegg vert sett i verk skal det gjennomførast arkeologiske utgravingar av dei automatisk freda kulturminna, med id 249981 som vert råka av tiltaket.</p> <p>Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett.</p>